

Positive signal framleis om Aktivitetshuset

07.06.2011



Desse fem var på generalforsamling for Aktivitetshuset: Bjørn Olav Tveit, Sigurd Børve, Michael Røssland, Edle Lomheim og Bjarne Lilleaas. (Foto. Ola Matti Mathisen)

**Generalforsamlinga for Uskedal Aktivitetshus i kveld
var fylt av positive signal - i likhet med det tilsvarende møtet
i fjor. Møtet vara i berre eit kvarter.**

**Rekneskapen synte eit underskot på 27.186 kroner, men
det er dekt av annan eigenkapital, ein konto som inneholder
115.584 kroner.**

**Selskapet har no ei gjeld på 1.253 184 kroner. Innan utgangen
av neste år opphører avdragsfritaket, men ein kjenner førebels ikkje
til vilkåra framover.**

- Det siste året arta seg som året før, huset er oppe og går,
sa styreleiar Bjørn Olav Tveit. Men det er ei oppgåve å sikra
huset ein breiare basis for drifta.

Tveit vart attvald som styreleiar i eitt år til.
Michael Røssland vart attvald som styremedlem også for eitt år medan
Sigurd Børve og Andreas Tarberg er nyvalde styremedlemmer
for 2 år. Dei som gjekk ut var Edle Lomheim og Trond Lekva
Myklebust.

Driftsinntektene i fjor var 153 851 kroner og ein betydeleg del av
denne summen kjem frå Damevennene. Styret ønskjer å takke dei spesielt
i likhet med SPAR og Janne Olsson. Det har i den seinare tid vore arbeidd
med garderobane, styrkerommet og klatreveggen.

Med den utvikling huset no er inne i, meiner styret at det ligg godt til rette for vidare drift og utvikling.

Den klart største aksjonæren er idrettslaget som eig 300 av 716 aksjar.

Dei disponerer hallen 20 timer i veka for 70.000 kroner medan skulen disponerer den heile dagen.

Av Ola Matti Mathisen